Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Sörtröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Soknedal.

Emne: Skav Bygdelag: " – "

Oppskr. av: Sigrid Solberg Gard: Solberg.

(adresse): Soknedal, Tröndelag. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Er også spurt om ymse ting.

SVAR

1. Samnamn for ymse hjelpefôr må helst vera "hjelpefôr."

2. Det kan vera skav, brott og lauvkjerv, gnag og granbar. Dette siste vart berre nytta, når nauda gjekk på. – Mose må vel helst vera stelt likt med småhöy, markafôr. Dei som budde slik til, at dei kunde ta "måsså", gjorde dette kvart år, likson ein i gamle dagar, slo i marken" årviss. Alle desse fôringsmåtar er no på det nærmaste slutt.

3. Å skåvvå, skåvrå, skåvvå.

4. Det vart nok nytta litt alle år fyr-av og til enno.

5. Dei kallar det "skav."

5. Fyrst og framst björk, rogn og osp var og-so nytta. Eg trur, dei held björka likast.

6 Nei.

7. "Via velta.
Sölja svelta.
men osp sett smör i ask+." +ask, trekjerald

8 Skavet fekk vel helst kua – sau og geit fekk istaden "gnav." d.v.s. unge, ferske furukvistar el: greiner oppi garden (bingen) so gnog dei grådig barken av sjölv, so det ~~vart~~

9176

vart att berre den kvitgnaga veden. Dette kan av og til verta brukt ennå. Skav og gnav fekk krøttera som sjølvstendig kost. - Hesten er no liksom herremannen på garden, han, og fekk ikkje noko rask fór. Endå fekk han bedste höyet, ogso.

9\. Ja, me tykkte, at mjölka vart feitare og römme og smör gulare, når kyrne fekk skav.
I sætra om somaren (og ogso heime sumtid) brukte ein den framgangsmåten, at ein koka laug, bork-drikk, av skavet eller av borkbitar, som ein lösna av vedskiene, som låg ute i sola. Denne laugen vart fin brun og lukta godt, og kyrne var overlag glad i han. Laug kunde kokast av einer óg, men denne vart helst brüka til å gjera trekoppar god-demt av, resten kunde då kyrne få. Bjórkbaugen vart blanda med mussu el. saup, og skavet med litt salt eller mjöl skifta i byttarne til kyrne. Denne drikken fekk kyrne på båsen til dei kom heim om kvelden, og dei var reint galne etter ~~denne drikken~~. Då sprang dei til volds om somarkveldane so bjollorne skrangla.
Laugen tente til å fremja trivnaden for buskapen, men tente ogso til å fremja avdråtten.

10\. Her i bygda har dei drive nokso mykje med treindustri på gardane om vinterkveldane. Vyrke til dette var helst bjórk og var kalla „gagnsvyrke". Den industri, som jamnast vart drive her i bygda av karane var vognhjul og trillebårhjul og vopnatraug og minde trekopp o. a. t. Vyrke til dette måtte leitast i skogen eller skjeraast ut av vedstrangane. Slikt vyrke vart etter skavinga

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9176

10. turka til det skulde brukast. Desutan vart ved-
skienl skåvå, dette om kveldane inne i stova. Dei
store strangane derimot vart skåvvå ute ved
hoggestabben, og dei kunde då laga seg ein
band-kniv eller eit reidskap av ei ljåspik
med handtak på den eine enden og gjerne
med ei fille rundt andre enden.
Hesjeveden er tike av gran, og dette skavet er
ikkje nytta som krøtterfor her. Når karane
skal „ry" hesjeved, so brukar dei øksa og øksar
borken av. Dette „skavet" er ikkje til anna enn
ved.

11. For å henta „gagnsyrke" segjer dei her at dei
driv i skogen. Dei „ligg" (opheld seg) i marka
ogso, men det er for å fora markafør el. små-
høy og lauvkjerv. For om høylaua ikkje
vart full av høy om hausten, so tok
dei lauvkjervar og fyllte både laua og framan-
for laua — det me kallar „skjelet" her.

13. Ukjent her.

14. Skav-veden vart henta heile vinteren, når dei
kjørte ved. Men var det førnaud, kunde dei om
våren hogga frisk (ung) bjørk og kjøra til gards.
Kvistane fekk ku og geit, medan strangane
vart skåvvå og gjøymt til gagnsyrke.
Slik kvist kallar me her „brott" — lauvkjervane
kunde ein ta omkr. St. Hans, men tidast om hausten,
som fyr fortalt.

15. Dette „å lida med Jesus" på den måten som er
nemnt i 15. — er ukjent her. Men eg har høyrt gjete
ein skikk, som kanskje ophavleg har vore ein
from skikk, men som sidan utarta. Unge gutar
„utpåkarar" fór langfredagsnatta gardmillom
og „ga langfredagsris" —

16. 17. 18. Besvara ovanfor. —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9176

19. Når ein „skåvvå" stor ved, so let ein vel helst strangen stå iro og arb. med bandkniven. Som fyrr fortalt, skåvvå dei helst vedskiene inne i stova, og kunde då brūka kniven på dette om dei sat.

20.22 Besvara fyrr. Det er borken, som er skav.

23.24 Ukjent. Skavet skal helst ikkje ha noko av veden med.

25 besvara fyrr.

26 Skav kan enno av og til verta nyttа, men sjeldan

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9176